



NVE region vest
Naustdalsvegen 1b
0301 OSLO

Vår ref.:
22/6350-88


Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Berit Holme


Dato:
24.06.2026

Varsel om vedteken detaljreguleringsplan Sunnfjord næringspark aust

Kommunestyret i Sunnfjord kommune har i møte den 28.05.2026 sak 051/26 vedteke detaljreguleringsplan Sunnfjord næringspark aust.



Kart over viser plassering av området, kart under viser vedteke plankart.



Kommunestyret sitt vedtak:

«Detaljreguleringsplan Sunnfjord næringspark med plankart føresegner dagsett 11.05.2026 vert vedteke i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12, med følgande endringar:

- Eksemplifisering tatt inn i føresegna pkt. 3 for KBA7 i bokstav e blir tatt ut: «til dømes reservedelar og tilbehør».
- Andre setning i avsnittet "Energikrav" i 3.1.3 vert endra til: «Det skal i byggesaker for bygg som skal huse energikrevjande industri utgreiast i kor stor grad det er mogleg å nytte overskotsvarme frå nye anlegg internt.

Vedtak av ny detaljreguleringsplan vil erstatte heilt eller delar av gjeldande reguleringsplanar nemnt i tabell.»

Namn på plan	Planid	Type plan	Erstattast
<u>Moskog Industriområde</u> (2012)	4647_143220110004	Områdereguleringsplan (PBL 2008)	Delvis
<u>Moskog Industriområde</u> (2013)	4647_14312008001	Områdereguleringsplan (PBL 2008)	Delvis
<u>Sunnfjord næringspark BKB1</u> (2018)	4647_143220150003	Detaljreguleringsplan (PBL 2008)	Delvis
<u>Veikro Moskog</u> (2008)	4647_143220050008	Reguleringsplan (PBL 1985)	Heilt
<u>G/S-veg E39 Kusslid-Moskog</u> (2016)	4647_143220150002	Detaljreguleringsplan (PBL 2008)	Delvis
<u>Moskog deponi</u> (2017)	4647_43220160005	Detaljreguleringsplan (PBL 2008)	Delvis
<u>Stakaldefossen del av gbnr 351/1 m fl.</u> (2025)	4647_20250001	Detaljreguleringsplan (PBL 2008)	Heilt

Kort om planen:

Planen legg til rette for etablering av industri, lager, forretning (plasskrevjande varer), transportbedrifter, vegserviceanlegg, gartneri, renovasjons-/gjenvinningsanlegg, datasenter og/eller transformatorstasjon på Moskog. Det er regulert areal til ny infrastruktur og grøntområde i dei nye byggeområda, og det er sett av areal til oppgradering av vegkrysset E39 og fv613. Tilkomst til nye byggeområde er planlagt frå fv613, og det er regulert areal til ny gang-/sykkelveg fram til byggeområda i aust. Det er knytt ulike rekkjefølgjekrav i samband med gjennomføring av planen. Plankart og føresegner er juridisk bindande. Illustrasjonar og teikningar i planframlegget viser moglege framtidige løysingar for utbygging.

Dei viktigaste endringane etter at planen har vore til høyring og offentleg ettersyn er:

- Omsynssone for naturfare - flaum H320
- Omsynssone for infrastruktur H410
- Justert grenser til køyreveg KV3, KV9 og rundkøyringar i KV4 og KV5 med tilhøyrande fortau, anna vegareal og grøntareal
- Passeringslommer ved fv613
- Føresegner er endra m.a. for handel med plasskrevjande varer, rekkjefølgjekrav knytt til vegkrysset E39 og fv613, omsynssone for naturfare, m.m., sjå tekst merka med blå farge i vedlegg.

Du finn fleire opplysningar i planomtalen og saksutgreiinga til kommunestyret. Dokument i samband med [vedtak av saka i kommunestyret](#) ligg på kommunen si nettside.

Generelt:

Dersom du har spørsmål, eller ynskjer å få tilsendt dokument i papirformat kan du gje melding til underteikna.

Vedtaket vert kunngjort med annonse i avisa Firda, og på kommunen si nettside www.sunnfjord.kommune.no under kunngjering. Grunneigarar, naboar og offentlege mynde vert så vidt mogeleg varsla direkte med dette brevet.

Rettsverknad:

Informasjon om rettsverknad av detaljreguleringsplanen finn du i Plan og bygningslova:

[§ 12-4.Rettsvirkning av reguleringsplan](#)

[§ 15-2.Grunneierens rett til å kreve innløsning ved reguleringsplan](#)

[§ 15-3.Erstatning for tap ved reguleringsplan](#)

Klagerett:

Dette brevet er å rekne som eit enkeltvedtak som kan klagast på innan tre veker. Du har rett til å klage på vedtaket dersom du er part i saka, eller har rettsleg klageinteresse i saka, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kap. VI. Du skriv klaga som eit eige brev og sender det til kommunen merka med saksnr. 22/6350. Kommunen handsamar klaga. Om klagen ikkje vert teke til følgje sender vi den til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd. [For meir informasjon om din klagerett sjå heimesida vår](#)

Du har rett til innsyn og gjere deg kjend med saka sine dokument etter forvaltningslova. [For meir informasjon om din innsynsrett sjå heimesida vår.](#)

Med helsing

Berit Holme
arealplanleggar

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

Asplanviak v/Synne

Næss

Sunnfjord kommune v/Ole John Østenstad

Sunnfjord kommune

GIS

Vedlegg:

Plankart Sunnfjord næringspark aust_VN2_11.05.2026

Plankart Sunnfjord næringspark aust_VN3_11.05.2026

Føresegner 2026.05.28 vedtak

Møteprotokoll - saksutgreiing

Mottakarar:

Anita Eilertsen Hole	Jølstravegen 162	6819	Førde
Arthur Karl Hauge	Stakaldefossen 33	6819	FØRDE
Bkk As	Postboks 7050	5020	Bergen
Brynhild Unni Hopland	Stakaldefossen 24	6819	Førde
Dagfinn Grimsbø	Grimsbø 52	6847	Vassenden
Endre Grimsbø	Elvegata 14	9008	TROMSØ
Eviny Fornybar As	Postboks 7050	5020	Bergen

Mottakarar:

FLETEN HOLDING AS	Fleten	6819	FØRDE
Gerd Marie Viskedal Årskaug	Viskedal	6819	FØRDE
Jarle Lien	Stakaldefossen 31	6819	Førde
Jølster Kraft Da Stakaldefoss	Postboks 7050	5020	Bergen
Knut Even Hole	Jølstravegen 162	6819	Førde
Ludo Energi Snm As	Timberstigen 8	6823	Sandane
MUSEA I SOGN OG FJORDANE STI	Gota 16	6823	SANDANE
Ole Johan Aasen	Veg 7205 272	6819	Førde
Rolf Gunnar Holsen	Vettreiene 49	6819	Førde
Saulius Butrimavicius	Jølstravegen 164	6819	Førde
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	2605	LILLEHAMMER
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
SUM v/Åge Johnny Kalstad			
Sunnfjord Miljøverk lks	Naustdalsvegen 1B	6800	Førde
Sunnfjord Skog Holding As	Åsane	6819	Førde
SVEIN MYKLEBUST	Stakaldefossen 24	6819	FØRDE
Tordis Ripe	Postboks 51	6801	FØRDE
Michaelsen Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen